



Nesfossen Smolt AS

5956 HUNDVIN

Dato: 20.08.2014

Vår ref.: 2014/144-9

Sakshandsamar: Endre Korsøen

Telefon: 55 23 91 04

## H-L-6 Nesfossen Smolt AS org. nr. 995218402 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune

Vi syner til Dykkar søknad datert 07.10.2013, samt endring av søknaden av 13.05.2014.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Nesfossen Smolt AS, org. nr. 995218402, akvakulturløyve med reg. nr. H-L-6 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeure (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Kapasitet (stk)	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84
11682	Nesfossen	Lindås	2,5 mill.	60° 39.863' N 5° 14.101' E

Særskilde vilkår som er ein føresetnad for dette vedtaket:

- Settefisk av laks, aure og regnbogeure skal ikkje ha ei individvekt som overstiger 250 gram, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 55.
- Kjeggavatnet/Storavatnet skal nyttast som vasskjelde. Anlegget sin bruk av ferskvatn må ligge innanfor gjeldane avtalar om regulering av Storavatnet. NVE har vurdert at søknaden ikkje treng handsamast etter vassressurslova § 8.
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland gjeld for produksjon av inntil 2,5 millionar sjøklar settefisk av laks og aure. Samla årleg produksjon er avgrensa til 2000 tonn fisk, og eit fôrforbruk på inntil 2400 tonn.
- Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane har gjeve løyve til å utvide produksjonen til også gjelde for produksjon av laksefisk, opptil 1 kg (postsmolt), på nærmare vilkår.

Dette løyvet erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 11682 Nesfossen av 14.11.2005.

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og havne- og farvannslova.

## Grunngjeving

Nesfossen Smolt AS søker om løyve til utviding av settefiskløyve for laks og aure på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune.

Søknaden gjeld ei utviding av gjeldane utsleppsløyve frå 216 tonn til 2000 tonn etter forureiningslova, samt ei vurdering av ei slik utviding etter Matlova innanfor gjeldane akvakulturløyve på 2,5 millionar stykk sjødyktig settefisk.

Fisken skal produserast fram til 50 – 70 gram ved bruk av ferskvatn i dagens gjennomstrømningsanlegg, og vidare til 100 gram ved bruk av resirkulert brakkvann fram til fisken er smoltifisert og vidare fram til 1000 gram ved bruk av sjøvatn i ei ny resirkuleringsavdeling internt på anleggsområdet.

Produksjonen vil bestå av 2 millionar 1000 grams postsmolt, til saman 2000 tonn fisk fordelt på to grupper på 1 millionar smolt, med levering sommar (rundt 1. juni og 1. juli) og haust (rundt 20. oktober og 20. november). Med ein antatt biologisk førfaktor på rundt 1,2 og fråsoring av den minste fisken undervegs, vil det til denne produksjonen gå med opp til 2400 tonn fôr årleg.

Anlegget har ikkje konsesjon etter vassressursloven for uttak av ferskvatn til settefiskproduksjon då NVE ved handsaming av søknad om regulering av vasskjelda Storavatnet mellom kote 20,80 og 20,03 i 1996 vurderte det slik at tiltaket ikkje vedkjem allmenne interesser i slik grad at konsesjon var naudsynt. Ein føresetnad for denne søknaden er at uttaket av ferskvann skal skje innanfor gjeldane avtaler og rammer mellom Nesfossen Smolt AS og Lindås kommune om regulering av Storavatnet og uttak av ferskvatn til anlegget, og ein legg opp til eit forbruk av ferskvatn som tilfredsstillar dette.

Det vert søkt om utslepp av det reinsa avløpsvannet i sjø i Lurefjorden på rundt 12 meters djup. Ei resipientgransking utført i 2013 viste at sjøområda i vassførekomsten Lurefjorden har "god økologisk status" i henhold til EU sitt vassrammedirektiv.

Ei utviding ved anlegget vil gje samfunnsmessige positive ringverknader, både ved trygging av arbeidsplassane, og etablering av nye. Anlegget sine kundar vil også få tilført ein stor og robust settefisk som vil gje redusert produksjonstid i sjø, redusert svinn, redusert tidsrom for lusepåslag og auka lønnsemd.

Dersom det vert gjeve løyve etter laksetildelingsforskrifta som omsøkt, skal det deretter sendast søknad til Fiskeridirektoratet om dispensasjon frå akvakulturdriftsforskrifta § 55 om auka individvekt for settefisk av laks på inntil eit kg.

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Lindås kommune. Det kom inn ein merknader til søknaden frå Advokatfirmaet Harris på vegne av eit utval grunneigarar rundt Storavatn v/Terje Kleivdal. Merknader gjeld Nesfossen Smolt AS sitt uttak av vatn frå Storavatnet. For grunneigarane er det sentralt at det ikkje skjer endring av vassuttak som fører til ulempe eller skade rundt Storavatnet.

Lindås kommune, har den 11.02.2014 kome med følgjande uttale:

*"Når det gjeld tilhøvet til kommuneplanen, ser tiltaket ut til å vere i samsvar med gjeldande kommuneplan og at det planlagde anlegget ligg innanfor området som er sett av til akvakultur i planen. Ut i frå opplysningane som kjem fram i søknaden knytt til forbruk av ferskvatn, har kommunen ingen merknader til dette. Kommunen vil likevel peike på at det føregår eit arbeid knytt til avtaler for uttak av vatn i Storavatnet, og ber fylkeskommunen halde seg oppdatert på dette arbeidet. Når det gjeld avløpet frå anlegget, ber ein om at det vert vurdert om utsleppspunkt for anlegget bør trekkjast ut på større djup og/eller større avstand frå land, med tanke på at utsleppa vil verte 3-4 gonger større og produksjonen tidobla."*

Søknaden er vurdert av NVE 23.01.2013. NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje nokon vidare handsaming etter reglane i vassressurslova. Dersom anlegget skal ta ut meir ferskvatn eller produsere eit større tal smolt, må planane sendast til NVE for ei ny vurdering.

Søknaden er handsama av Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane 20.03.2014. I medhald av § 5, jf § 7 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet løyve til produksjon av 2 millionar laksefisk, opptil 1 kg (postsmolt) på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune under føresetnad av at fylgjande vilkår er oppfylt:

1. Nesfossen Smolt AS skal fortløypande evaluera resultata av metodar og teknologi som vert brukt i produksjonen og tilpassa resultata av evalueringa i den vidare produksjonen. Dette skal gjerast i samråd med kompetent fagmiljø med spesialkompetanse på resirkuleringsanlegg og fiskehelse/fiskevelferd.
2. I resirkuleringsanlegget skal nivået av løyst oksygen målast kontinuerleg.
3. I resirkuleringsanlegget skal det installerast eit alarmsystem som umiddelbart varslar om svikt i oksygen i det einstilte kar. Eit reserve, back-up tiltak skal vera klart ved oksygensvikt i kvart kar til ei kvar tid.
4. Nivåa av total gassmetning, PH/karbondioksid, total ammonium, nitrogen og nitritt skal kontrollerast rutinemessig i resirkuleringsanlegget.
5. Nesfossen Smolt AS skal lage kvartalsvise rapportar som oppsummerer status på vannkvalitet, fiskevelferd og fiskehelse. Desse rapportane skal sendast til Mattilsynet DK Bergen og omland så lenge Mattilsynet meiner at det er naudsynt.
6. Produksjonsplanen skal vera slik at fisk tilhøyrande generasjon 1 er smittemessig skilt frå generasjon 2. Fiske i ulike generasjonar skal dermed ikkje finnast samtidig i gjennomstrøymingsavdelinga og i resirkuleringsavdelinga.
7. Når ei avdeling blir tømt for fisk, må den reingjerast og desinfiserast før ny fisk kjem inn i kara.
8. Nesfossen Smolt AS skal ha på plass eit IK-system som minimum tilfredsstillar styresmaktene sine krav.

Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 68 dispenserer Mattilsynet frå § 20 i same forskrift. I akvakulturdriftsforskrifta § 20 andre ledd heiter det « Nye metoder og tekniske løysningar skal være utprøvd og dokumentert velferdsmessig forsvarlig før de tas i bruk.» Mattilsynet ser utprøving av nye metodar som eit særskilt tilfelle, og gjer difor dispensasjon frå denne paragrafen, slik at det kan prøvast om metoden er velferdsmessig forsvarleg.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 28.11.2013. Kystverket Vest viser til at det ikkje går fram av søknaden om det er aktuelt å leggje ut nye avløpsrør i sjø. Skulle dette være aktuelt er det ei sak som skal handteras av Bergen og Omland Havnevesen etter hamne- og farvassloven § 27 første ledd, og søknad må i så fall sendas dit. Kystverket har ikkje merknader til at det blir gitt løyve til utviding av utslippsløyvet som omsøkt.

Søknaden er handsama av Fiskeridirektoratet Region Vest 27.11.2013, og vurdert i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd. Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at søknad om utvida utsleppsløyve representerer noko større konfliktpotensial med utøving av fiske på bakgrunn av at søknaden ikkje vil medføre utlegging av ny infrastruktur i sjøområdet. Det er registrert eit rekefelt i sjøområdet utafor anlegget, men pga invasjon av manetar i Lurefjorden har feltet vore lite nytta til tråling gjennom dei seinare åra.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 13.03.2014. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve avslag på søknaden frå Nesfossen Smolt AS om utvida utsleppsløyve for produksjon av laks og aure på lokalitet Nesfossen i Lindås kommune.

Fylkesmannen meiner at det skal takast særskilt omsyn til naturverdiane i Lurefjorden og Lindåspollane. Resipienten Lurefjorden er svært følsam, og området skil seg frå andre fjordar med omsyn til fleire målte parametarar. Høge verdiar av total fosfor, reduserte diversitetsindeksar og låge oksygenivå i djupvatnet tyder på at Lurefjorden i dag er utsett for tilførsler av organisk materiale som har negativ påverknad på miljøet i fjordbassenget. Dei målte oksygenverdiane i djupvatnet har blitt målt til å vere svært nær ei kritisk levegrense for høgareståande organismar. I ein slik situasjon er det ikkje aktuelt å auke utseppa til Lurefjorden. Om det oppstår ein lengre periode utan utskifting av djupvatnet ser fylkesmannen det som fare for at oksygenmetninga kan bli lågare enn det som blir rekna som kritisk grense. Om dette er sannsynleg er ikkje mogleg å talfeste, men konsekvensane vil bli store for dette særprega økosystemet. Auken er nær ein ti-dobling av produksjonen og ein fem-dobling av utseppa. Fylkesmannen avslår difor søknaden om utviding av utseppsløyvet ved Nesfossen Smolt AS

I brev av 12.05.2014 frå Nesfossen Smolt AS vert søknaden endra og tilført nye opplysningar med håp om at fylkesmannen kan omgjere vedtaket. Nesfossen Smolt AS har i samarbeid med Sterner AS og Rådgivende Biologer AS utarbeida endringar av søknaden som medfører at ein vil bruke ny reinseteknologi for reinsing av så godt som heile avløpet frå det nye anlegget, samt etablere standard mekanisk filterreinsing av eksisterande avløp, som ikkje har reinsekav. Inkludert den omsøkte utvidinga, vil dette redusere dei samla utseppa til Lurefjorden med godt over 50 % i høve til dagens utsepp.

Søknaden er vurdert på ny av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 18.08.2014. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11 og 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve Nesfossen Smolt AS løyve til utsepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg fôrforbruk på 2400 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 2000 tonn på lokaliteten Nesfossen i Lindås kommune.

Det er sett krav om bruk av resirkuleringsteknologi som reduserer utseppet av nærings salt til Lurefjorden. Nesfossen Smolt AS må dokumentere utseppsmengdene med årleg rapportering til Fylkesmannen. Det er sett krav om at slam frå reinseanlegget skal leverast til godkjend mottak.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av arbeidsplassar og matproduksjon. Det er sett krav om bruk av resirkuleringsanlegg med gitte grenser for samla utsepp til resipienten. Det er sett krav om at slammet skal leverast godkjend mottak og at det skal handsamast slik at det ikkje genererer luktproblem for naboar.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med resipientgranskingar og strandsonegranskingar i tråd med tidlegare granskingar. For å kunne vurdere effekten av utvidinga set Fylkesmannen krav om at neste gransking skjer innan 2 år, altså innan utløpet av 2016. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge forureiningseffekten anlegget har på resipienten.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
  - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
  - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
  - 3. *annen bruk av området, og*
  - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
  - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*

2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann, og
4. lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann

d) det ikke er i strid med

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Hordaland fylkeskommunen har vurdert innkomne merknader frå private grunneigarar om bruken av vatnet i Storavatnet og ulemper for grunneigarane rundt vatnet, samt Lindås kommune vedkomande det pågåande arbeid knytt til avtalar for uttak av vatn frå Storavatnet. Denne produksjonsutvidinga skjer utan auke i vassuttak frå vassdraget, og er soleis ikkje i direkte konflikt med dette.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 føljt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Tilgjengeleg kunnskap om konsekvensar for fisk og ferskvassbiologi, verneinteresser, kulturminne, landbruk, friluftsliv og andre brukarinteresser, vasskvalitet og vassforsyning og resipienttilhøve, samt samfunnsmessige verknader er nytta i vurderingane. Ved drift av anlegget skal skadar på naturmangfaldet så langt muleg unngåast eller avgrensast, og ein skal ta utgangspunkt i driftsmetodar og teknikk og lokalisering som gjer det beste samfunnsmessige resultat ut frå ein samla vurdering både av naturmiljø og økonomiske forhold.

Lurefjorden og Lindåspollane representerer eit unikt økosystem. Fjordsystemet representerer eit økosystem som ein ikkje finn andre stader. Verneverdien ligg i økosystemet som heilskap meir ein einiskilde artar som lever her. Området er eit av tre prioriterte område i marin verneplan for Hordaland. Mellombelse retningslinjer for handsaming saker som vedkjem kandidatområder til marin verneplan av 06.04.2005 fastsett av Miljøverndepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Olje- og energidepartementet er nytta i vurderinga. For fylkeskommunen er det avgjerande at utsleppet til Lurefjorden blir redusert samanlikna med dagens utslepp frå settefiskanlegget.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Nesfossen Smolt AS, akvakulturløyve med reg. nr. H-L-6 løyve til å etablere settefiskanlegg for oppdrett av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune på nærmare vilkår.

### Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneber at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

### Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

### Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 13.03.2014 og 18.08.2014, Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane 20.03.2014, Kystverket Vest 28.11.2013, og NVE 23.01.2013, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

### Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef


*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet DK Bergen og omland  
Mattilsynet Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane  
NVE  
Kystverket Vest  
Lindås kommune  
Advokatfirmaet Harris på vegne av eit utval grunneigarar rundt Storavatn v/Terje Kleivdal

# H-L-6 Nesfossen Smolt AS

## Lokalitet 11682 Nesfossen




Hordaland fylkeskommune


Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonnr. [xxxx xx xxxxxx]







<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)  <b>Hordaland fylkeskommune</b>  <b>Postboks 7900</b>  <b>5020 Bergen</b></p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>  (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)  Nesfossen Smolt AS  5956 HUNDEVIN</p>	<p>(2) Dato 20.08.2014  (4) Klageinstans  <b>Fiskeridirektoratet</b>  <b>Postboks 185 Sentrum</b>  <b>5804 Bergen</b></p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p>	
<p><b>Klagerett</b></p>	<p>De har rett til å klage på vedtaket.</p>
<p><b>Kven kan De klage til?</b></p>	<p>Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p>
<p><b>Klagefrist</b></p>	<p>Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p>
<p><b>Rett til å krevjegrunggjeving</b></p>	<p>Dersom De meiner at vi ikkje har grunggeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p>
<p><b>Innhaldet i klaga</b></p>	<p>De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p>
<p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b></p>	<p>Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p>
<p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b></p>	<p>Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p>
<p><b>Kostnadene med klagesaka</b></p>	<p>De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p>
<p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b></p>	<p>Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>
<p>Særleae opplysningar</p>	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve